



①

## BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

### PLAN - OG UTBYGGINGSAVDELINGEN

Plan- og næringskontoret

Universitetet i Oslo  
Oldsaksamlinga  
Fredriks gate 2  
0164 OSLO 1

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 000983	20. APR. 85
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

DERES REF.:

VÅR REF.:

DATO

P.n. jnr. 2226/84  
Ark. 713  
AM/IB

19. april 1985

#### GENERALPLAN FOR AL KOMMUNE 1980-91

Al kommune har fremma sin generalplan 1980-91 for godkjenning. Fylkeskommunen har no gått gjennom planen og oversendt han til fylkesmannen for vidare ekspedisjon til Miljøverndepartementet.

Det er førebels ikkje avdekt konfliktspørsmål som må avgjerast under den sentrale godkjenningshandsaminga. Vi har her teke atterhald m.a. om tilhøvet til fagstyresmaktene for kulturminnevern, som hittil ikkje har hatt planframlegget til gjennomsyn.

Etter samråd med Al kommune ber vi no om Dykkar utsegn til planen. Utsegna vil deretter bli ettersendt og lagt ved dei øvrige saksdokumenta.

Etter fullmakt

Ulf Hegna

Audun Moflag  
Audun Moflag

- Vedlegg:
- brev 19.4.85 til fylkesmannen m/dokumentliste
  - fylkeskommunen sitt notat 15.4.85 om planen og planhandsaminga (dok. 5.1)
  - Al kommune sitt planframlegg, teksthefte (dok 1.1) og arealdisponeringsplanar (kartbilag 1-7, dok. 1.2)

Gjenpart: Al kommune, rådmannen, postboks 117, 3571 Al



# BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

## PLAN- OG UTBYGGINGSAVDELINGEN

Plan- og næringskontoret

Fylkesmannen i Buskerud

Her

DERES REF.:

VÅR REF.:

DATO

P.n. jnr. 2226/84  
Ark. 713  
AM/IB

19. april 1985

### GENERALPLAN FOR ÅL KOMMUNE 1980-91: SLUTTHANDSAMING

Med dette oversender vi generalplanen for Ål kommune 1980-91 for videre ekspedisjon til Miljøverndepartementet.


Saka omfattar langsiktige retningslinjer, arealdisponeringsplanar og generalplanvedtekt etter bygningslova si § 21, 1. ledd, a. Lokalisering av fritidsbusetnad og anna utbygging i utmark/fjellområde samt omfang og lokalisering av bustadbygging utafor tettstadene er ikkje med i dette framlegget.

Fylkeskommunen si vurdering av planen og planhandsaminga er gjeve i notat dagsett 15.4.85 som ligg ved saksdokumenta. Gjennom planhandsaminga til no er det ikkje avdekt konfliktspørsmål som må avgjerast under den sentrale godkjenningshandsaminga. Vi tek her atterhald om tilhøvet til fagstyresmaktene for kulturminnevern, som førebels ikkje har hatt planframlegget til gjennomsyn, og til fylkesmannen si miljøvernnavdeling, som ikkje har lagt fram noko utsegn.

Fylkeskommunen vil innhente og ettersende utsegn til planen frå Oldsaksamlinga ved universitetet i Oslo. Med omsyn til kulturminne frå nyare tid (innafor Riksantikvaren sitt ansvarsområde) tek vi sikte på å drøfte eit opplegg med kommunen i tida fram mot første revisjon av planen.

Saksdokumenter er vedlagt etter dokumentliste pr. 15.4.85, teksteftet i 13 eksemplarer, arealdisponeringsplanene i 4 eksemplarer og øvrige dokumenter i 1 eksemplar.

Etter fullmakt

  
Wif Hegna

  
Audun Moflag

Gjenpart m/dokumentliste samt notat 15.4.85 er utsendt etter vedlagt adresseliste

**GENERALPLAN FOR AL KOMMUNE 1980-91:  
SLUTTHANDSAMING**

ADRESSELISTE

Al kommune, rådmannen, postboks 117, 3571 Al  
Regionplanrådet i Hallingdal v/sekr. Bertil Anderson, her  
Fylkeslandbruksstyret, her  
Vegsjefen i Buskerud, postboks 2265 Strømsø, 3001 Drammen  
NSB, Bergen distrikt, Strømg. 2, 5000 Bergen  
Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen, boks 5091 Majorstua,  
0301 Oslo 3  
Forsvarets bygningstjeneste, Oslo mil/Akershus, 0015 Oslo 1  
Universitetet i Oslo, oldsaksamlinga, Fredriks gt. 2, 0164 Oslo 1  
Hemsedal kommune, rådmannen, 3560 Hemsedal  
Gol kommune, rådmannen, 3550 Gol  
Nes kommune, rådmannen, 3540 Nesbyen  
Nore og Uvdal kommune, rådmannen, 3630 Rødberg  
Hol kommune, rådmannen, 3576 Hol  
Fylkesrådmannen, her  
Fylkesskolekontoret, her  
Sjukehusadministrasjonen, her  
Kulturadministrasjonen, her  
Samferdselsadministrasjonen, her  
Energikonsulenten, her



J.nr. 2226/84  
Ark. 713  
AM/IB  
15.4.1985

**GENERALPLAN FOR ÅL KOMMUNE 1980-91:  
SLUTTHANDSAMING**

**DOKUMENTLISTE PR. 15.4.85**

1.0. Planframlegget

1.1. Teksthefte

1.2. Generalplankart, kartbilag 1-7, alle dagsett mars, -84

1.3. VA-planar, kartbilag 8-11, alle dagsett mars, -84

2.0. Separate vedlegg

2.1. Handlingsprogram 1984-95

2.2. Innstilling 10.4.81 frå tiltaksnemnda i landbruket til  
handlingsprogram for primærnæringane i Al

3.0. Høyringsutsegner

3.1. Regionplanrådet for Hallingdal, utskrift av møtebok i sak 3/83

3.2. Buskerud fylkeskommune, utskrift av møtebok for hovudutvalet for  
nærings-, ressurs- og miljøspørsmål i sak 25/83

3.3. Fylkeslandbruksstyret, utskrift av møtebok i sak 247/83 JS

3.4. Vegsjefen i Buskerud, brev 9.3.83

3.5. NSB, Bergen distrikt, brev 6.4.83

3.6. Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen, brev 21.3.83

3.7. Forsvarets bygningstjeneste, brev 25.3.83

3.8. Hemsedal kommune, utskrift av møtebok for generalplannemnda  
i sak 2/83

3.9. Hol kommune, utskrift av møtebok for formannsskapet i sak 168/83

#### 4.0. Sakshandsaminga i kommunen

- 4.1. Utskrift av møtebok for bygningsrådet 13.6.84, sak 94/84
- 4.2. Utskrift av møtebok for bygningsrådet 25.7.84, sak 124/84
- 4.3. Utskrift av møtebok for kommunestyret 27.9.84, sak 167/84
- 4.4. Brev 28.11.84 frå Al kommune til fylkeskommunen
- 4.5. Brev 17.1.85 frå fylkeskommunen til Al kommune
- 4.6. Brev 25.3.85 frå Al kommune til fylkeskommunen
  - 4.6.1. Utskrift av møtebok for fylkeslandbruksstyret  
19.12.83, sak 601 J (R. Ulshagen - Votna)
  - 4.6.2. Utskrift av møtebok for bygningsrådet  
31.1.84, sak 1/84 (R. Ulshagen - Votna)
  - 4.6.3. Utskrift av møtebok for bygningsrådet  
3.4.84, sak 42/84 (R. Ulshagen - Votna)
  - 4.6.4. Utskrift av møtebok for kommunestyret  
26.4.84, sak 73/84 (R. Ulshagen - Votna)

#### 5.0. Etterfølgjande handsaming

- 5.1. Notat 15.4.85 frå Buskerud fylkeskommune

J.nr. 2226/84  
 Ark. 713  
 AM/IB  
 15.4.1985

## NOTAT

### GENERALPLAN FOR ÅL KOMMUNE 1980-91: SLUTTHANDSAMING

Ål kommune har oversendt generalplanen 1980-91 til slutthandsaming etter Bl. § 20.4, jfr. kommunen sin ekspedisjon den 28.11.84.

#### TIDLEGARE SAKSGANG

Planutkastet vart framlagt og sendt til høyring i februar 1983 etter vedtak i kommunestyret (sak 8/83). Kommunen har deretter arbeid vidare med planen på grunnlag av innkomne utsegner.

I høve til Bl. § 20 har planen passert følgjande handsamingsledd:

- regionplanrådet for Hallingdal, sak 3/83
- fylkeskommunen (hovedutvalet for nærings-, ressurs- og miljøspørsmål) 12.4.83, sak 25/83
- bygningsrådet, 1. gong 13.6.84, sak 94/84
- offentlig ettersyn 13.6.-18.7.84
- bygningsrådet, 2. gong 25.7.84, sak 124/84
- kommunestyret 27.9.84, sak 167/84

#### SAKSOMFANG

Kommunestyret sitt vedtak 27.9.84 i sak 167/84 omfattar følgjande plandokument:

- teksthefte med føresetnader, program for sektorane og arealdisponering
- arealdisponeringsplanar, dagsett mars -84, herunder:
  - . generalplankart i målestokk 1:50.000
  - . soneplankart i målestokk 1:5.000 for

Sundre  
 Torpo  
 Votndalen

Leveld  
Vats  
Kleivi

- generalplanvedtekt etter § 21, 1. ledd, bokstav a i bygningslova (tekstheftet, s. 36)

Plandokumenta er retta opp i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Som vedlegg til planen følger:

- handlingsprogram 1984-95 med langtidsbudsjett 1984-87 og bustadbyggeprogram 1984-87. Den kommunale helse- og sosialplanen er førebels ikkje integrert i handlingsprogrammet.
- innstilling 10.4.81 frå tiltaksnemnda i landbruket til handlingsprogram for primærnæringane i A1

Planen omfattar ikkje:

- arealdisponeringsplanar for fritidsbusetnad og anna utbygging i utmark/fjellområde
- retningsliner for bygningsrådet si handsaming av søknader om spreidd bustadbygging
- kulturminnevernsspørsmål

Kommunen tek sikte på å revidere generalplanen etter behov, men ikkje oftare enn ein gong i kvar kommunevalperiode. Handlingsprogrammet vil bli rullert kvart år.

#### TILHØVET TIL ANDRE OFFENTLEGE STYRESMAKTER

##### Regionplanrådet og fylkeskommunen

Regionplanrådet (dok. 3.1):

Regionplanrådet gir uttrykk for at planen er i samsvar med felles målsetjingar i Hallingdal og rår til at den vert godkjend.

Fylkeskommunen (dok. 3.2):

Fylkeskommunen seier seg samd i planframlegget.

Ein del planfaglege tilhøve som er kommentert særskilt i notat 5.4.83, bør vurderast nærare i samband med revisjon av planen. Spesielt viser vi til fylkeskonservatoren sitt ansvar for å bistå kommunen med handsaminga av kulturminnevernsspørsmål i planen (rundskriv T-15/83 og brev 11.7.83 frå Miljøverndepartementet).



### Statlege fagstyresmakter

Fylkesmannen:

Høyringsutkastet er sendt fylkesmannen si miljøvernavdeling 2.2.83. Miljøvernavdelinga har enno ikkje lagt fram si utsegn til planen.

Utkastet er ikkje lagt fram for familie- og sosialavdelinga.

Fylkeslandbruksstyret (dok. 3.3):

Etter fylkeslandbruksstyret si oppfatning kan kommunen ikkje rekne med vekst i landbruksnæringa, sett under eitt. Fylkeslandbruksstyret har for sin del ikkje teke stilling til tiltaka i handlingsprogrammet for primærnæringane. I Sundreområdet rår landbruksstyresmaktene kommunen til å prioritere bustadbygginga i rekkjefølgja Granhagen, Vestlia, Kulu og til å take det planlagte bustadområdet Ulshagen-Votna ut av generalplanen.

Såvidt vi kan sjå, er kommunen og landbruksstyresmaktene stort sett samde om generalplanen slik han no ligg føre. Kommunen har innarbeidd fylkeslandbruksstyret si oppfatning av utviklinga i landbruksnæringa i den vedtekte planen. Likeeins har kommunen retta seg etter innvendingane til arealdisponeringa i soneplanane for Sundre (herunder bustadområde B7-Votna), Torpo, Leveld og Vats.

Utbyggingsrekkjefølgja for nye bustadområde er klarlagt for åra 1984-87 gjennom kommunen sitt handlingsprogram (dok. 2.1). Felt B7-Votna er ikkje med her. På lengre sikt vert ei vidare utbygging i Granhagen, Bakken 2 og Vestlia A nemnd som mest tenleg (dok. 2.1, s. 18). Eit fleirtal i kommunestyret har likevel bede om å få eit reguleringsframlegg for Ulshagan-Votna til handsaming, men utan å take stilling til tidspunktet for eventuell opparbeiding (dok. 4.6.4).

Det framgår av saksdokumenta at kommunen, strengt tatt, ikkje har behov for å byggje ut felt B7-Votna. Dessutan vil ei slik utbygging vere lite lønsam (dok. 2.1, 4.6.3, 4.6.4). På den andre sida meiner fleirtalet i kommunestyret at felt B7 ikkje høyrer saman med utbygginga i Sundre, men at det skal vere eit tilbod til busetnaden i Sando skulekrins (dok. 4.6). I utgangspunktet er det kommunen sjølv som må avgjere dette valet. Funn av dyregraver i feltet tyder likevel på at kommunen ikkje vil stå heilt fritt. Desse funna vil nå bli undersøkt nærare av Oldsaksamlinga, og det må såleis takast atterhald om felt B7 under den vidare sakshandsaminga. I alle høve vil vi rå kommunen til å vurdere dette utbyggingsområdet på nytt ved første generalplanrevisjon.

Når generalplanen skal supplerast med delplanar for utmarka, bør landbruksetatane si landbruksfaglege arealvurdering vere til nytte. Vi slutter oss elles til tilrådinga om samarbeid med dei lokale landbruksstyresmaktene om handsaminga av landbruksspørsmål når kommunen skal revidere generalplanen.

Vegsjefen i Buskerud (dok. 3.4):

Vegsjefen synes det må vere viktig at kommunen reserverar ein trase for fv. 246 utanom Sundre. Vegsjefen har ikkje anna å innvende til planen.



Vi vil rå kommunen til å innarbeide ny trase for fv. 246 ved første revisjon av soneplanen for Sundre.

NSB, Bergen distrikt (dok. 3.5):

NSB legg fram ein del synspunkt på nærings- og transportutviklinga, men har ikkje innvendingar til planen. NSB minner elles om problema med elg langs jernbanen, og meiner at fellingskvoten bør bli større.

Vi vil rå kommunen til å ta spørsmålet om elgproblema langs jernbanen og evt. auke av fellingskvoten opp til nærare drøfting med NSB og fylkesmannen si miljøvernaving.

Norges vassdrags- og elektrisitetsvesen (dok. 3.6):  
NVE har ingen merknader til planen.

Forsvarets bygningstjeneste (dok. 3.7):

Forsvaret sine interesser i Al er knytta til HV-skolen på Torpo og Syningen skyte- og øvingsfelt. FBT meiner det ville vere ønskjeleg med ei breidare omtale av verksemda ved HV-skolen og skolen sine behov i planen. For Syningen viser FBT til sitt framlegg til reguleringsplan (1981), som også omfattar ei buffersone til landbruksformål rundt feltet, og reknar med at kommunen vil ta omsyn til dette i det vidare arbeidet med delplanen for fritidshus og anna utnytting av utmarka. Vidare ber FBT om at det vert gjort unntak for forsvaret si verksemd i vedtektene til generalplanen.

Etter vår oppfatning har forsvaret ikkje lagt fram vesentlege innvendingar til planen. Spørsmålet om HV-skolen sine behov bør drøftast nærare i samband med revisjon av planen, medan arealdisponeringa ved Syningen skyte- og øvingsfelt venteleg vil verte avklara gjennom arbeidet med delplanen for utmarka. Så lenge det er samsvar mellom generalplanen og forsvaret sine interesser, skulle det elles ikkje vere naudsynt å ha særskilte reglar om unntak i generalplanvedtektene for forsvaret si verksemd.

Universitetet i Oslo, oldsaksamlinga:

Generalplanen er førebels ikkje lagt fram for oldsaksamlinga. Etter avtale med kommunen vil vi innhente og ettersende oldsaksamlinga si utsegn. Vi viser elles til kommentarane med omsyn til felt B7-Votna (under fylkeslandbruksstyret si utsegn).

#### Nabokommunar

Al grenser til følgjande kommunar:

- Hemsedal
- Gol
- Nes
- Nore og Uvdal
- Hol
- Lærdal i Sogn og Fjordane

Av desse kommunane har Hemsedal og Hol gitt utsegner til planen.

Hemsedal kommune (dok. 3.8):

Hemsedal har ikkje innvendingar til planen, men går ut frå at kommunen får oversendt seinare delplanar for fjell og utmark til vurdering.

Hol kommune (dok. 3.9):

Hol ber Al kommune om å sikre trase for sidespor til kommunane sitt felles industriområde (Kleivi). Vidare ønskjer Hol å få høve til å vurdere seinare delplanar for fritidsbusetnad m.v. i grenseområda, evt. også å samarbeide om slik planlegging over kommunegrensa. Kommunen har elles kommentert samarbeidet om vedlikehald av vegen Bry-Skarsgard og plasseringa av verkstaden for Hallingdal Billag.

Al vil innarbeide trase for sidespor i soneplanen for Kleivi ved første revisjon av planen. Omtalen av verkstaden for Hallingdal Billag er endra i samsvar med dei faktiske tilhøva (dok. 1.1, s. 14).

I det vidare arbeidet med delplanar for utmarka viser vi til nabokommunane sitt ønskje om samarbeid.

#### VIDARE SAKSHANDSAMING

##### Konfliktspørsmål

I høve til andre offentlege styresmakter er det til no ikkje avdekt usemje som må avgjerast under den sentrale godkjenningshandsaminga. Vi tek her atterhald om spørsmål som ikkje er avklara.

##### Uavklara spørsmål

Planen og planhandsaminga har ikkje avklara

- lokalisering av fritidsbusetnad og anna utbygging i utmark/fjellområde
- omfang og lokalisering av bustadbygging utanfor tettstadene
- tilhøvet til fylkesmannen sine saksområde (spesielt innan miljøvernavinga)
- tilhøvet til kulturminneverninteressene, korkje med omsyn til fornminne (UO) eller kulturminne frå nyare tid (RA)

Lokaliseringa av fritidsbusetnad, bustadbygging utanfor tettstadene m.m. vil venteleg verte avklara gjennom kommunen sitt arbeid med seinare delplanar og planrevisjonar. Dette gjeld og tilhøvet til kulturminneverninteressene, men fylkeskommunen vil likevel innhente og ettersende utsegn til planen frå oldsaksamlinga. Spesielt viser vi her til felt B7-Votna i soneplanen for Sundre som og er under arbeid som reguleringssak. Miljøvernavinga hjå fylkesmannen vil ta stilling til planen på sine saksområde før han vert sendt vidare til Miljøverndepartementet. For vår del kjenner vi ikkje til problem som kan kome fram der.

### Revisjon av planen

I kommunen sitt vidare arbeid med delplanar og revisjon av planen viser vi til avsnittet ovafor og til merknadene frå fylkeskommunen, fylkeslandbruksstyret, vegsjefen, NSB, forsvaret samt Hemsedal og Hol kommunar.


Audun Moflag



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:


[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



TURISTBEDRIFT  
 JORDBRUK SKOGBRUK  
 TRAFIKKOMRÅDER  
 SPESIALOMRÅDER  
 FAREOMRÅDE

	Tb
	Fa

RIKSVEG  
 FYLKESVEG  
 KOMMUNAL VEG  
 PARKERINGSANLEGG  
 SKITREKK/HEIS  
 HØGSPENTLEDNING  
 JERNBANE  
 BEBYGGELSE  
 PLANAVGRENSING

KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK :

BN 063-2      B0 063-1  
 BN 063-4      B0 063-3

Generalplan Ål kommune  
 for perioden 1980-1991

PLANFORSLAG  
 VATS

M 1:5000



1.2

PLANLEGGER :

Dato:      Saksbeh:      Bilag:

ÅL KOMMUNE-Tekn.etat

Mars  
-85

K.K.	S.Ø.
Tegn.	
L.P.	

6.



127/87

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:


[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)




TRAFIKKOMRÅDER  
TURISTBEDRIFT  
JORDBRUK SKOGBRUK  
TRAFIKKOMRÅDER  
SPESIALOMRÅDER

FAREOMRÅDE

RIKSVEG  
FYLKESVEG  
KOMMUNAL VEG  
PARKERINGSANLEGG  
SKITREKK/HEIS  
HØGSPENTLEDNING  
JERNBANE  
BEBYGGELSE  
PLANAVGRENŚING



Tb  
  
  
  
  
Fa



KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK :  
BO 060 -1

Generalplan Ål kommune  
for perioden 1980 - 1991

PLANFORSLAG

KLEIVI

PLANLEGGER :

ÅL KOMMUNE - Tekn. etat



1.2

M 1:5000

Dato: Saksbeh: Bilag:

Mars  
- 85

K.K.	S.Ø.	7.
Tegn.		
L.P.		



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



TURISTBEDRIFT  
JORDBRUK SKOGBRUK  
TRAFIKKOMRÅDER  
SPESIALOMRÅDER

	Tb
	Fa

FAREOMRÅDE

RIKSVEG  
FYLKESVEG  
KOMMUNAL VEG  
PARKERINGSANLEGG  
SKITREKK/HEIS  
HØGSPENTLEDNING  
JERNBANE  
BEBYGGELSE  
PLANAVGRENŚING


KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK :  
B0 063-2 BP 063 -1

Generalplan Ål kommune  
for perioden 1980-1991

PLANFORSLAG  
LEVELD

M 1:5000

PLANLEGGER :

Dato: Saksbeh: Bilag:

ÅL KOMMUNE-Tekn.etat

Mars  
-85

K.K. S.Ø.  
Tegn.  
L.P.

5.

1.2






Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



TURISTBEDRIFT  
 JORDBRUK SKOGBRUK  
 TRAFIKKOMRÅDER  
 SPESIALOMRÅDER

FAREOMRÅDE

	Tb
	Fa

RIKS VEG  
 FYLKESVEG  
 KOMMUNAL VEG  
 PARKERINGSANLEGG  
 SKITREKK/HEIS  
 HØGSPENTLEDNING  
 JERNBANE  
 BEBYGGELSE  
 PLANAVGRENŚING


KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK:  
 BQ 062-2  
 BR 062-1


Generalplan Ål kommune  
 for perioden 1980-1991

PLANFORSLAG

TORPO

PLANLEGGER:

ÅL KOMMUNE-Tekn.etat



1.2

M 1:5000


Dato:	Saksbeh.:	Bilag:
Mars -85	K.K. S.Ø. Tegn.: L.P.	3.



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



FRITOMRÅDER  
 TURISTBEDRIFT  
 JORDBRUK SKOGBRUK  
 TRAFIKKOMRÅDER  
 SPESIALOMRÅDER, KULTURANL.  
 FRILUFTSOMRÅDE  
 FAREOMRÅDE


		Tb
		P
		Ku
		Fr
		Fa

RIKSVEG  
 FYLKESVEG  
 KOMMUNAL VEG  
 PARKERINGSANLEGG  
 SKITREKK/HEIS  
 HØGSPENTLEDNING  
 JERNBANE  
 BEBYGGELSE  
 PLANAVGRENŚING  
 TURVEG  
 GANG VEG


KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK :  
 B0 063-4    BP 063-3    BP 062-2  
 B0 062-2    BP 062-1    BP 062-4  
 BP 062-3

Generalplan Ål kommune  
 for perioden 1980-1991

PLANFORSLAG  
 VOTNDALEN



M 1:5000

PLANLEGGER :

Dato:    Saksbeh:    Bilag:

ÅL KOMMUNE-Tekn.etat

Mars  
 - 85

K.K.	S.Ø.
Tegn.	
L.P.	


4.



Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:



[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)



TURISTBEDRIFT  
JORDBRUK SKOGBRUK  
TRAFIKKOMRÅDER  
SPESIALOMRÅDER

FAREOMRÅDE

RIKSVEG  
FYLKESVEG  
KOMMUNAL VEG  
PARKERINGSANLEGG  
SKITREKK/HEIS  
HØGSPENTLEDNING  
JERNBANE  
BEBYGGELSE  
PLANAVGRENSING



KARTET ER SETT SAMAN AV ØKONOMISK KARTVERK:

BP 061-1    BP 061-2  
BP 062-1    BP 062-2    BP 062-3    BP 062-4  
BQ 062-1    BQ 062-3

Generalplan Ål kommune  
for perioden 1980-1991

PLANFORSLAG  
SUNDRE, ÅL



1.2

M 1:5000

PLANLEGGER:

Dato: Saksbeh.: Bilag

ÅL KOMMUNE - Tekn. etat

Mars  
-85

K.K. S.Ø.  
Tegn.:  
L.P.


2.




Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)




# Kommunekart for ÅL KOMMUNE



1.2

målestokk: 1 : 50.000  
ekvidistanse: 20 m



planlegger

ÅL KOMMUNE - Teknisk etat

dato

MARS  
1985

saksbeh.

K.K. S.Ø.

tegner

L.P.

saksnr.

bilag nr.

1.



Buskerud Fylkeskommune,  
Plan- og næringskontoret,  
Haugesgt. 89,  
3000 Drammen.

6. august 1985.

P.n.jnr. 2226/84 Ark. 713 AM/IB

983/85 AEC/GI.

GENERALPLAN FOR AL KOMMUNE 1980- 1991. DERES BREV AV 19/4.1985.

Universitetets Oldsaksamling beklager at henvendelsen på grunn av stort arbeidspress i feltsesongen er blitt liggende ubesvart så lenge.

Rent generelt har vi ingen innvendinger til at generalplanen vedtas i den form den er presentert. Vi gjør oppmerksom på at det er konflikt mellom utbyggingsplaner og fortidsminner ved Ulshagen/Botna, der det ligger et felt med dyregraver, og vi går ut fra at det også vil kunne bli konflikter mellom utbygging og fortidsminner andre steder i kommunen. Disse problemer må løses etterhvert på reguleringsplan-nivå, og vi går derfor ut fra at reguleringsplaner også i fremtiden vil bli oversendt Universitetets Oldsaksamling direkte fra kommunen.

Beste hilsen

Arne Emil Christensen  
bestyrer

Kopi: Al kommune, Rådmannen.





KOPI

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE

PLAN - OG UTBYGGINGS-AVDELINGEN

Plan- og næringskontoret

Fylkesmannen i Buskerud

Her

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 001858	03 SEP 85
SAKSE: AEC	ARK.Nr.

DERES REF.:

VÅR REF.:

DATO

P.n. jnr. 1718/85  
Ark. 713  
AM/IB

30. august 1985

GENERALPLAN FOR AL KOMMUNE 1980-91:  
SLUTTHANDSAMING

Vi viser til tidlegare oversending 19.4.1985.

I brev 6.8.1985 har Universitetet i Oslo, oldsaksamlinga, teke stilling til planen. Det framgår at oldsaksamlinga ikkje har noko å innvende til at planen vert godkjend.

Oldsaksamlinga gjer samstundes merksam på at det er konflikt med fortidsminne i kommunen sitt reguleringsframlegg for bustadfeltet Ulshagen - Votna (soneplanen for Sundre). Det må såleis takast atterhald om at kommunen må løyse dette problemet gjennom handsaminga av reguleringsplanen.

./.

Vi viser elles til utsegna, som følgjer vedlagt, og ber om at brevet vert lagt ved dei andre saksdokumenta.

Otmar Muhr

plan- og næringsjef

Audun Moflag

Gjenpart: Al kommune, rådmannen, 3570 Al  
Universitetet i Oslo, oldsaksamlinga, Fredriksgt. 2, Oslo 1



FYLKESMANNEN I BUSKERUD

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 002588	08 DEC 85
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 OSLO 1

DERES REF.

VÅR REF. (BES OPPGITT VED SVAR)

DATO

1955 og 3969/85 KAR/RHO  
ark.713.8

21.11.1985

GENERALPLAN FOR ÅL KOMMUNE 1980-91.

I samsvar med § 20, punkt 4, i bygningslova sender fylkesmannen med dette inn generalplan for Ål kommune for 1980-91 til godkjenning.

Vedlegg til planen er:

- Handlingsprogram for 1984-95 med langtidsbudsjett 1984-87 og bustadbyggeprogram 1984-87.
- Helse- og sosialplan for kommunen er førebels ikke lagt inn i handlingsprogrammet.
- Innstilling av 10.april 1981 frå tiltaksnemnda i landbruket til handlingsprogram for primærnæringane i Ål.
- VA-planer for Sundre, Torpo, Leveld og Kleivi (kart 8-11).

Planen omfatter:

- Teksthefte med føresetnader, sektorprogram og program for arealbruk.
- Planer for arealbruk, dagsett mars 1984.
- Generalplanvedtekt etter § 21, fyrste leden, punkt a i bygningslova.

1. Saksgang.

Planutkastet vart fullført i februar 1983 og sent til høyring til statlege, fylkeskommunale, interkommunale og kommunale organ.

Bygningsrådet vedtok planen første gong 13.juni 1984, sak 94/84, og la ho ut offentleg 13.juni-18.juli 1984. Bygningsrådet vedtok så planen andre gong 25.juli 1984, sak 124/84. Kommunestyret vedtok planen i møte 27.9.1984, sak 167/84, og sente ho så til Miljøverndepartementet om fylkeskommunen og fylkesmannen for godkjenning.

Fylkesmannen finn ut frå dette at saka har gått i samsvar med § 20 i bygningslova.

2. Merknader frå fylkesmannen.

Det ligg ikkje føre innsegner som Miljøverndepartementet må avgjera i samband med godkjenninga.

Men ein gjer merksam på merknaden frå Universitetet, Oldsaksamlinga, om bustadfeltet B7-Votna (kart nr. 2). Universitetet gjer merksam på at framlegget til reguleringsplan for dette området kjem i strid med fornminne. Dette spørsmålet må kommunen løysa i arbeidet med reguleringsplanen.

Ein gjer og merksam på:

Planen tek ikkje opp lokalisering av fritidshus og anna utbygging i utmark/fjellområde og retningslinjer for bustadbygging utanfor tettstadene.

Like eins er planen for snau på felta friluftsliv, naturvern, vilt og fiske, og vatn, kloakk og renovasjon. Fylkesmannen viser til notat fra miljøvernavingdelinga, dagsett 15.10.1985.

Kommunen bør arbeide vidare med desse emna framover.

Med desse merknadene rår fylkesmannen Miljøverndepartementet til å godkjenna planen.

./.  
Desse saksdokumenta ligg ved:

1. Planhefte, 14 eksemplar.
2. Kart 1-7 (plankart), 3 eksemplar.
3. Kart 8-11 (VA-kart), 1 "
4. Handlingsprogram 1984-95, langtidsbudsjett og bustadbyggeprogram 1984-87, 1 eksemplar.
5. Innstilling frå tiltaksnemnda i landbruket, samandrag, 1 eksemplar.

Ragnar Christiansen

Kjell Arne Reistad

Gjenpart: Ål kommune, 3570 Ål  
Buskerud fylkeskommune, her  
Universitetet i Oslo Oldsaksamlinga, Fredriksgt.2,  
0164 Oslo 1





GJENPART

## RIKSANTIKVAREN

ADR.: AKERSHUS FESTNING, BYGN. 18 - OSLO MIL. - OSLO 1 - TLF. (02) 41 96 00

Ål kommune

3570 ÅL

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 002015	20 SEP 86
SAKSB. AEC	ARK.Nr.

DERES REF.

VAR REF. (Bes oppgitt ved svar)  
2289 P/58/86 DB/edDATO  
24. september 1986

## ÅL KOMMUNE - GENERALPLAN 1980 - 1991

Vi syner til Miljøverndepartementet sitt godkjenningsbrev datert 6.5.86.

Sitat: "Da planen ikkje gir god nok avklaring av kultur- og fornminner, tar vi generelt atterhald i høve til desse interessene, jf. fråsegnen frå fylkeskommunen."

Generalplanen er mangelfull i handsaminga av kulturminnevernsektoren, dette på tross av at det finst viktige kulturminne i Ål kommune.

Den landsomfattande registreringa av faste kulturminne i Noreg, også kalla SEFRAK, har starta i kommunen. Registreringa vil, når ho er fullført, vere eit viktig grunnlag for utval av objekt og miljø som bør vernast.

Riksantikvaren rår kommunen til å utarbeide ein eigen sektorplan for kulturminnevernet. Hovudretningsliner, mål og handlingsprogram frå sektorplanen bør innarbeidast ved rullering av generalplanen slik at kulturminnevernet går inn som ei aktiv samfunnsinteresse i den samla arealplanlegginga i kommunen. Ein slik sektorplan bør vere retningsgjevande for arealplanlegginga. Sektorplanen kan også føre til betre og forenkla handsaming av byggesaker i kommunen.

././. Vi legg ved eit døme på kva generalplanen sin kulturminnedel kan inneholde:

Kulturminnevernet bør bli gjort allment gjeldande ved at det går inn i den samla planlegginga og forvaltninga i kommunen. Innbuarane har krav på at det på grunnlag av faglege vurderingar vert lagd tilstrekkeleg vekt på vern av kultur-



minne og kulturlandskap i den enkelte sin daglege omgjevnad. På det viset kan ein auke interessa og forståinga for vernearbeidet.

#### Registrering og vurdering

Vi rår kommunen til å skaffe seg eit fullstendig oversyn over dei kulturminna som finst i Ål. "SEFRAK"-registreringa som er satt i gang bør fullførast så snart råd er.

Når det gjeld deltaking frå kulturminneorgana si side, syner vi til rundskriv frå Miljøverndepartementet av 11. juni 1983 "Generalplanlegging og forholdet til kulturminnevernet - medvirkning og saksbehandling". I rundskrivet føreset ein at faginstansane på fylkesplanet, i fyrste rekkje fylkeskonservatorane, så langt råd er hjelper kommunane under generalplanlegginga. Det skjer mellom anna ved å leggje til rette "SEFRAK"-materialet og syte for at det blir henta inn underlagsmateriale om høgt prioriterte, automatisk freda fornminne, kulturlandskap eller freda og verneverdige bygningar og miljø som finst i kommunen.

Utval av kulturminne for vern må gjerast i samarbeid med fylkeskonservatoren og eventuelt Riksantikvaren.

Kulturminne kan vernast gjennom freding etter kulturminnelova, ved regulering til spesialområde for bevaring etter paragraf 25.6 i bygningslova og ved utlegging til landskapsvernområde etter naturvernlova. Ved utarbeiding av reguleringsplan for område som inneheld objekt og miljø som er freda etter kulturminnelova eller verna i medhald av kyrkjelova, bør desse kulturminna og omgjevna den deira regulerast til spesialområde for bevaring.

#### Oversyn over freda kulturminne innanfor Riksantikvaren sitt ansvarsområde

Kulturminne frå før 1537 er automatisk freda etter paragraf 4 i kulturminnelova. Innanfor Riksantikvaren sitt ansvarsområde høyrer desse kulturminna frå mellomalderen (1030-1537) med:

- Ståande bygningar av alle slag.
- Kyrkjer, kyrkjetuffer, restar av andre kyrkjelege anlegg.
- Borgar, festningsverk og restar av slike anlegg.
- Byanlegg og restar av slike anlegg.

Til ei freding etter paragrafane 4 og 5 høyrer ei 5 meter brei sikringssone frå den kjende eller synlege yttergrensa for kulturminnet, eller etter særleg vedtak så langt som naudsynt for å verne mot skjemmaende inngrep eller skade, sjå paragraf 6 i kulturminnelova.

Planar om tiltak som kan vere til skade for automatisk freda kulturminne skal så tidleg som råd er leggjast fram for Riksantikvaren til handsaming. Vi gjer merksam på meldepplikta som gjeld dersom ein treffer på slike automatisk freda kulturminne under arbeid, sjå paragraf 8, 2. ledd i kulturminnelova.

For Ål gjeld dette:

- Torpo stavkyrkje.
- Middelaldertuft NØ for prestegarden sitt våningshus, utgravd og markert i 1959.

Innanfor Riksantikvaren sitt ansvarsområde høyrer og slike kulturminne frå nyare tid med som er freda ved eige vedtak etter paragrafane 5, 15 og 21 i kulturminnelova. Desse kulturminna skal haldast ved like og handsamast etter faglege retningsliner frå Riksantikvaren i medhald av paragrafane 16, 17, 18, 19 og 20.

For Ål gjeld dette:

- Stua på Settingsgard, Vats, gnr. 83, bnr. 1.

Kyrkjer som er bygde etter 1536, men som er eldre enn 90 år, er verna etter kyrkjelova av 1897 og rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 12. februar 1948. Alle planar som rører ved desse kyrkjene og/eller omgjevnaden deira skal leggjast fram for Riksantikvaren. Vi vil og minne om byggegrensa på 60 m som gjeld for kyrkjer i landkommuner.

For Ål gjeld dette desse tre kyrkjene, alle frå 1880:

- Sundre kyrkje.
- Leveld kapell.
- Torpo nye kyrkje.

Generalplanen som ligg føre byggjer ikkje på ei grundig vurdering av kva som bør vernast i kommunen. Difor kan det verte naudsynt med endringar på eit seinare tidspunkt. Like eins vil det vere særskilt viktig at reguleringsplanar vert lagde fram for fylkeskonservatoren.

Riksantikvaren rår kommunen til å skipa eit rutinefast samarbeid med fylkeskonservatoren i samanhang med arealplanarbeidet. Samarbeidet bør helst innleiast så tidleg som råd er under arbeidet med dei ulike arealplanane. Dette sikrar alle partar, og særskilt kommunen sjølv, mot forseinkingar og omarbeidingar.

Når ein arealplan rører ved eit freda kulturminne, må planen også bli lagt fram for Riksantikvaren. Vi ber også om å bli kontakta dersom fylkeskonservatoren gjer framlegg om freding. Dessutan bør Riksantikvaren varslast dersom fylkeskonservatoren er usamd i planforslaget. I samsvar med rundskriv frå departementet om delegering av stadfestingsmyndigheit til fylkesmannen, skal ein reguleringsplan til departementet til stadfesting når statlege styresmakter har innvendingar mot planen. Ved eigengodkjenning gjeld tilsvarande også ved innvending frå fylkeskommunen/fylkeskonservatoren, jfr. bygningslova paragraf 27.6.

Sektorplanen for kulturminnevernet i kommunen må utarbeidast i nært samarbeid med kulturstyresmaktene. Ved rullering og revisjon av generalplanen bør det vere nær kontakt mellom kommunen og fylkeskonservatoren/landsdelsmuseet og naudsynt kontakt med Riksantikvaren, for å sikre at det vert teke mest mogleg omsyn til kulturminna i kommunen.

Vi gjer til slutt merksam på at denne fråsegna berre gjeld Riksantikvaren sitt ansvarsområde. Kommunen må difor i tillegg kontakte Universitetets Oldsakssamling i Oslo.

For Riksantikvaren

*Ola Hektoen Øverås*  
Ola Hektoen Øverås  
Førsteantikvar

*Dag Bjørnland*  
Dag Bjørnland

Vedlegg

Gjenpart:

- Miljøverndepartementet
- Fylkesmannen i Buskerud
- Fylkeskommunen i Buskerud
- Fylkeskonservatoren i Buskerud
- Universitetets Oldsakssamling, Oslo